



## Søknad om vg1, vg2 eller vg3 over 2 år eller søknad om ekstra opplæringstid etter opplæringslova § 3-1 femte ledd.

Opplysningar om søkeren:			
Etternamn og fornamn	Fødselsnummer 11 siffer	E-postadresse	telefonnummer
Utdanningsprogram/programområde	Skule	Kontaktperson	
Mål for opplæringa:			
<input type="checkbox"/> Fag- og yrkeskompetanse	<input type="checkbox"/> Studiekompetanse	<input type="checkbox"/> Grunnkompetanse	

### Eg søker om ekstra opplæringstid etter opplæringslova § 3-1 femte ledd

- Har rett til spesialundervisning og treng ekstra opplæringstid etter opplæringslova § 3-1 femte ledd.**  
Vedlegg: 1. Enkeltvedtak om spesialundervisning 2. Sakkunnig vurdering av behov for ekstra opplæringstid 3. Individuell plan 4. Plan for ekstra opplæringsår utarbeidd av skulen.
- Har rett til særskilt språkopplæring og treng ekstra opplæringstid etter opplæringslova § 3-1 femte ledd**  
Vedlegg: 1. enkeltvedtak om særskilt språkopplæring.
- Har rett til opplæring i og på teiknspråk etter § 3-9 eller rett til opplæring i punktskrift etter § 3-10, og treng ekstra opplæringstid etter opplæringslova § 3-1 femte ledd**  
Vedlegg: 1. enkeltvedtak om punktskriftopplæring eller teiknspråkopplæring 2. Sakkunnig vurdering av behov for ekstra opplæringstid.

### Eg søker om vg1, vg2 eller vg3 over 2 år på grunn av

- Langvarig sjukdom**  
Vedlegg: 1. Dokumentasjon frå lege, psykolog eller annan medisinsk instans 2. Opplæringsplan utarbeidd av skulen
- Verneplikt eller omsorgsarbeid (blant anna fødselspermisjon) i minst eit semester i opplæringsåret**  
Vedlegg: 1. Stadfesting frå gjeldande institusjon 2. Opplæringsplan utarbeidd av skulen
- Internasjonal utveksling som medfører tap av opplæringstid**  
Vedlegg: 1. Stadfesting frå utvekslingsorganisasjonen 2. Opplæringsplan utarbeidd av skulen
- Eg samtykkjer til at skulen kan tilvise meg til PPT dersom det er behov for meir utgreiing.
- Skulen har gjeve meg informasjon om førstegangsvitnemål og reglane i lånekassen.

Dato	Underskrift søker	Kontaktperson skule
------	-------------------	---------------------

## Rutinar

**Fylkesdirektøren for opplæring avgjer både søknader om vg1, vg2 eller vg3 over to år og søknader om ekstra opplæringstid.**

### **Ekstra opplæringstid**

For å kunne få innvilga søknad om ekstra opplæringstid må eleven:

1: Ha rett til spesialundervisning

2: Ha behov for meir enn 3 år i vidaregåande opplæring for å nå planlagde opplæringsmål.

For at søkjaren skal få godkjent ekstra opplæringstid må behovet dokumenterast i ei sakkunnig vurdering frå PPT som gjev svar på følgjande:

- Kva opplæringsmål eleven ikkje har nådd i løpet av 1.termin inneverande skuleår.
- Om det er mogleg å nå måla i løpet av 2.termin inneverande år.
- Grunngeving av kvifor eleven vil ha utbytte av, og difor treng eitt år ekstra opplæringstid.
- Konklusjon med tilråding.

For at søkjaren skal få godkjent ekstra opplæringstid er det viktig at det kjem fram kvifor eleven vil ha konkret nytte av eitt år til i vidaregåande opplæring. Opplæringsmåla skal ha relevans for det som er planlagt for søkjaren etter vidaregåande skule.

Frist for å sende inn skjemaet med vedlegg er 31.desember.

### **Vg1, vg2 eller vg3 over 2 år**

1: Eleven fyller ut søknaden i samarbeid med skulen

2: Søknaden skal innan 31.desember, eller så fort behovet oppstår, sendast til:

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Opplæringsavdelinga  
Askedalen 2,  
6863 Leikanger

3: Skulen må informere eleven om at han/ho kan miste retten til førstegangsvitnemål dersom søknadsgrunnen fell utanfor reglane i forskrift til opplæringslova § 3-43

4: Skulen må informere eleven om at eit vedtak om å ta eit programområde over to år kan gje konsekvensar for seinare støtte frå lånekassen.

5: Fylkesdirektøren handsamar søknaden så fort relevant dokumentasjon er motteken.

6: Dersom søknaden blir innvilga får eleven reservert skuleplass ved same skule for neste skuleår, på same nivå/programområde. Eleven får utvida retten tilsvarende.

- Reservasjonen føreset at eleven søker same programområde innan 1.mars det andre opplæringsåret.
- Dersom eleven sluttar eller gjer omval i løpet av dei to åra vedtaket gjeld for, fell både vedtaket og reservasjonen bort.

7: Dersom fylkesdirektøren avslår søknaden, kan eleven likevel ta skuleåret over to år. Eleven brukar då eitt år av ungdomsretten for kvart år, og står utan ungdomsrett på vg3.